



Harald Kaspar Mellingen  
Radøyvegen 2735  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7987 - 22/1269

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
06.01.2022

## Om søknad om flytebrygge og vegen vidare - gbnr 424/13 Bø

Alver kommune viser til telefonsamtale i dag om saka.

Søknaden om forlenging av flytebrygge vart avvist i vedtak datert 02.01.2022 på grunn av at han ikkje var tilstrekkeleg opplyst. Kommunen har ved behandling av søknaden ikkje tatt stilling til om tiltaket kan godkjennast eller ikkje. Saka vil verta realitetsbehandla når nødvendig dokumentasjon ligg føre.

Før kommunen kan behandla søknaden må du senda inn ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon. Det vil seia at det må leggjast ved situasjonskart og teikningar over tiltaket, dokumentasjon på nabovarsling og eventuelle merknadar du har mottatt og gjerast greie for tilkomst og parkering (må framgå av situasjonsplanen).

Teikningane må visa både eksisterande flytebrygge og ny del, og det må gjerast greie for og dokumenterast at eksisterande flytebrygge er lovleg etablert. Søknad om løyve til tiltak krev, som tidlegare sagt, bruk av ansvarlege føretak. Dette gjeld både funksjonen som ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande. Tiltakshavar kan ikkje søkja sjølv.

Slik vi snakka om på telefonen vil tiltaket også krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan, jf. pkt. 3.5.3 i føresegna til kommuneplanen. Det kan vera føremålstenleg at du i første omgang berre avklarar dispensasjonsspørsmålet. Søknaden om dispensasjon kan du senda inn sjølv. Du må leggja ved søknaden kart, teikningar, nabovarsel m.m. som tidlegare vist til.

Både søknad om tiltak og søknadar om dispensasjon skal nabovarslast. Tidlegare utsend nabovarsel kan nyttast på ny dersom tiltaket som vert omsøkt er identisk med det som tidlegare er varsla og varselet ikkje er eldre enn eitt år. I enkelte tilfelle har ein akseptert at dispensasjon ikkje vert varsla særskild. Etter ny gjennomgang av ettersend dokumentasjon vurderer vi at søknaden om dispensasjonen må varslast.

Vedlagt følgjer søknadsskjema for tiltak med krav om ansvar som avtalt. I tillegg har vi lagt ved eit informasjonsark om dispensasjon der det ligg skjema som kan vera til hjelp ved innsending av slik søknad.

Vår gjennomgang av søknaden og denne tilbakemeldinga er ikkje vore fullstendig då søknaden ikkje var tilstrekkeleg opplyst. Det kan derfor vera andre forhold som også må søkjast om eller dokumenterast.

Ytterlegare rettleiing i saka må skje i førehandskonferanse.

Fullstendig søknad med alle vedlegg sender du samla til kommunen på [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).

Dersom du framleis vil klaga på vedtaket om avvist søknad, slik Vidar Mjøs har varsla i brev e-post av 04.01.22, må du senda inn skriftleg grunngitt klage innanfor klagefristen.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017 (2)  
Skjema for søknad om tiltak med ansvar

**Mottakarar:**

Harald Kaspar Mellingen

Radøyvegen 2735

5937

BØVÅGEN